




Tokke kommune
Økonomiavdeling



Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref:
08/6052
SL
KTV/KR

Vår ref
2011/219-4

Saksbeh:
Tjøstov Djuve, 35075211
tjostov.djuve@tokke.kommune.no

Arkivkode:
232

Dato:
10.02.2011

Nye sakshandsamingsreglar for eigedomsskatt - høyringsfråsegn frå Tokke kommune

I høyringsbrev av 15. november 2010 med høyringsnotat og lovforslag gjer Finansdepartementet (FIN) framlegg om nye sakshandsamingsreglar for eigedomsskatt. Høyringsfristen var sett svært stutt, 12. februar 2011, og det har difor ikkje vore nok tid til politisk handsaming av denne fråsegna. Den vil bli lagt fram for kommunestyret som referatsak i ettertid.

Som ein liten utkantkommune har Tokke kommune ikkje tilsett juridisk ekspertise til fullt ut å kunna vurdere alle sider ved framlegget frå Finansdepartementet. Vi byggjer difor fråsegna på dei vurderingane som er gjort av våre interesseorganisasjonar, Kommunenes Sentralforbund – KS, og Landssamanslutninga av vasskraftkommunar – LVK. Vi vil difor prioritere to fylgjande viktige punkt i vår fråsegn:

1. Endringar i klagesystemet.

Tokke kommune er uenig i framlegget frå FIN, m.a. at Fylkesmannen skal vera klageinstans for fleire avgjerder som i dag blir avgjort av den kommunale takst-/overtakstnemnda. Fylkesmannen si klagehandsaming bør avgrensast til å gjelde legalitetskontrollen av kommunestyrevedtaka.

2. Innsyn og klagerett ved verdsetjing av kraftanlegg.

I motsetning til det som gjeld for alle andre eigedomsskatteobjekt har kommunane i dag ikkje klagerett på verdsetjinga av kraftanlegg. Vi ber om at Finansdepartementet på ny vurderar å innføre slik klage- og innsynsrett, for å betre rettstryggleiken til kommunane. Kommunane og skattestyresmaktene burde ha felles interesse av at skattegrunnlaga er korrekte, og Tokke kommune har nyleg sjølv erfart at det diverre blir gjort feil ved verdsetjinga av kraftanlegg. Skattestyresmaktene (Sentralskattekontoret for storbedrifter – Sfs) sin kontroll er ikkje alltid god nok, sjølv om dei i dei fleste høve, i samråd med kraftverkseigaren, vil rette feil påpeika av kommunane. Men vi er også kjent med at det er eksempel på at lovtolkinga – t.d. av eigedomsskattelova §18 som heimlar kommunen sin rett til innsyn, blir tolka så snevert at det ikkje vil vera mogleg å kontrollere grunnlaget.

Vi viser elles til fråsegnene frå KS og LVK.

Postadresse: Storvegen 60
3880 DALEN
E-post: postmottak@tokke.kommune.no

Telefon: 35 07 52 00
Telefaks: 35 07 71 33

Bankgiro: 2685 07 02968
Org.nr: 964 964 521

Heimeside: www.tokke.kommune.no

Med helsing

Olav Urbø

Olav S Urbø
Ordfører

Therese Hauger

Therese Hauger
Rådmann